



Finansdepartementet
Att. Statssekretær Kjetil Lund
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Vår ref. 10/544-3	Dykkar ref.	Sakshandsamar Arild Ingar Lægreid	Direktenr 57665005	Arkiv K1-232	Dato: 16.06.2011
----------------------	-------------	---	-----------------------	-----------------	---------------------

Uttale frå Årdal kommunestyre til Finansdepartementet sitt høyringsnotat om minimums- og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftanlegg

I møte den 16.juni 2011 handsama Årdal kommunestyre Finansdepartementet sitt høyringsnotat, datert 15.april 2011, om endringar i maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatt på kraftverk. Kommunestyret uttaler følgjande:

Ordninga med minimums- og maksimumsverdi for eigedomsskatt på kraftanlegg vart vedteken i 2004 som ei særordning. Meininga var å sikra ei forutsigbar og stabil fordeling av verdiskapinga frå kraftproduksjonen mellom vertskommunar, eigarkommunar, staten og kraftselskapa.

Det syner seg at maksimumsverdien har stått nominelt uendra sidan innføringa i 2004. Konsekvensane er at vertskommunane sine inntekter har tapt seg i realverdi kvart år, medan dei største kraftselskapa tilsvarande har nytt godt av store skatterabattar fordi maksimumsverdien har hindra skattlegging av selskapa sine reelle marknadsvardiar. .

Resultatet for vertskommunane er ei urimeleg omfordeling av verdiskapinga, der eigarane er vinnarar og vertskommunane taparar.

Som ein av dei mest reindyrka industrikommunane i Noreg, har verdiskapinga frå kraftproduksjonen vore ein føresetnad for ei storstila industriell satsing i Årdal. I dag opplever vi at industriarbeidsplassane er trua og blir flytta utanlands. Dersom denne utviklinga held fram, vil vi stå framfor store utfordringar med omstilling, nedgang i folketal og skeiv demografisk utvikling med påfølgjande store investerings- og driftsoppgåver innan omsorgssektoren.

Det er avgjerande for Årdal at inntektene frå kraftanlegga må vera med å kompensera for dei samfunnsmessige endringane vi står oppe i og sikra vår rettmessige del av verdiskapinga frå kraftanlegga til omstilling og vidareutvikling av Årdalssamfunnet.

Årdal kommunestyre ser med uro på at Finasdepartementet ikkje vil avvikle dagens særordning med minimums- og maksimumsverdiar, men i staden gjer framlegg om å justere reglane slik *'at vertskommunane får noko meir av verdiskapinga frå kraftverka.'* Justeringa skal eventuelt skje med verknad frå 01.01.2012 og vil ikkje kompensere for verdibortfallet frå 2004, men i beste fall hindra vidare fall i noverande inntekter.

I høyringsnotatet er Finansdepartementet urolege for at avvikling av maksimums- og minimumsreglane vil ha store fordelingsmessige verknader ved at ein stor del av dei auka eigedomsskatteinntektene vil tilfalla nokre få kommunar. Vi syner her til LVK sitt framlegg om samstundes å endra kapitaliseringsrenta, noko som vil redusera verknadene av å fjerne maksimumsverdien. Dette vil sikra vertskommunane sin rettmessige del av framtidig verdiskaping og snu ei utvikling som no går i feil retning. Vi syner elles til uttale frå LVK som vi gjev vår fulle tilslutning til.

Årdalstangen, 16.juni 2011.

For Årdal kommunestyre

Arild Ingar Læg Reid
Ordførar
57665005
arild.ingar.laegreid@ardal.kommune.no